

# Inntaket til vidaregåande skule er klart

**Alle som har søkt skuleplass har fått svar på vigo.no i siste inntaksrunde. Vestland fylkeskommune opprettar i år to nye klassar på vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.**

Fylkeskommunen har i år registrert og behandla 22.015 søknader til dei offentlege vidaregåande skulane fylket. 19.560 søkerarar har fått tilbod om opp-

læring. 86 prosent av søkerane med ungdomsrett har fått tilbod om den skuleplassen dei helst ville ha. Alle søkerarar med ungdomsrett har fått eit tilbod som er i tråd med søknaden, og til eit tilbod dei har rett til.

## To nye klassar med påbygging

Det har i år vore stor etterspurnad etter plass ved vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse. Mangelen på ledige plasser til dette til-

bodet har vore særleg høg i bergensrådet. For å sikre at alle som har rett til tilboden får ein plass, har fylkeskommunen oppretta to nye klassar: ein klasse på Sotra vgs. og ein på Sandsli vgs.

Justeringa er gjort på administrativ fullmakt. Etter justeringa har alle søkerarar med rett til påbygging vg4 fått tilbod om opplæring.

## Møt opp til skulestart

Det er viktig at alle elevar møter opp

til skulestart der dei har fått tilbod om skuleplass. Elevar som ikkje møter opp mistar tilboden, og plassen går vidare til andre søkerarar. Informasjon om oppstart får elevane frå skulen, og det vil vere tilgjengeleg på nettsidene til skulane.

Det blir lagt ut lister over ledige plasser ved dei vidaregåande skulane. Elevar som ynskjer plass på tilbod som er ledige, kan då ta kontakt med den skulen dei ynskjer å gå på.

# – Sande - Hestenesøyra er ei utsett strekning



Denne steinblokka lausna og sklei ned i grøfta. Sjølv om blokka ikkje representerte nokon fare, er strekninga utsett. Foto: Olav Hjelmeset AS.

**For eit par veker sidan sklei ei fleire tonn tung steinblokk ned i vegkanten ikkje langt frå Kvitenes. – Sande - Hestenesøyra er ei utsett strekning, seier vegentrepreneur Olav Hjelmeset.**

JAN NIK. HANSEN  
jannik@firdatidend.no

Fleire parti på Fv 615 er svært rasfarlege. Hyestranda er rasrisk for mange millionar kroner, men framleis står det att fleire farlege parti andre stader.

## Utsett strekning

Eitt av dei mest omtala og fokuserte er Straume - Hope, men også strekninga frå Sande til Hestenesøyra har farlege område.

– Sjølv om det ikkje er så mange hendingar som i Hyen, følgjer vi med, seier leiar i Nesjane krins, Ørjan Hestenes.

I løpet av det siste året har han tre gongar ringt Vegtrafikkentralen og varslet Stein i vegbana.

– Denne siste gongen var det ein verkeleg sværstein på fleire tonn. Det meste låg i grøfta, men ein halvmeter stakk inn i vegbana, fortel han.

Vanlegvis er det mindre steinar som kjem ned.

## Utsett

– Det ville vere fint om vegvesenet ville sende folk for å sjekke skjeringane og fjellsida over. Det er særleg om hausten og ein og annan gong elles det skjer, seier Ørjan Hestenes.

Olav Hjelmeset AS er underentreprenør på Fv 615 og blir kalla ut når det skjer hendingar. Denne steinblokka ser han ikkje som noko stor sak. Steinen kom ikkje ovanfrå, men hadde sklidd ut og lagt seg i grøfta. Han opplyser at dei merkte steinen og fjerna han etter å ha pigga han sund.

– Men dette er ei utsett strekning med høge skjeringar og bratt terregn over fleire stader, og om vinteren byggjer det seg opp is som kan falle ned, peikar han på.

I løpet av ein sesong må dei rykkje ut fleire gonger for å fjerne nedfall.



Steinblokka vart pigga sund. Fleire gonger i løpet av eit år må vegentrepreneurren rykkje ut og fjerne stein i vegbana.